

KORT OMTALE AV PROSKJEKT SOM HAR FÅTT TILDELTE SÅKORN MIDLAR I 2013

Skjemaet skal brukast som informasjon til nettstaden om Program for pasienttryggleik i Helse Vest

Prosjektnamn

«Førebyggje fall hjå pasientar over 65 år som er innlagt ved Voss Sjukehus».

Prosjekteigar (helseføretak/avdeling/eining som er ansvarleg for prosjektet)

Helse Bergen, Voss Sjukehus, Fysioterapiavdelinga

Prosjektleder (kontaktperson)

Jannicke Lien

Bakgrunn for prosjektet/hovudpunkt

Fysioterapifagleg interesse for fall og fallførebyggjing. Fall er eit stort problem hjå eldre, også under opphald på sjukehus.

Fysioterapiavdelinga ynskjer å arbeida kunnskapsbasert med fallførebyggjing, og kvalitetssikre og utvikle faglege rutinar.

Mål for prosjektet

Auke kunnskap og bevisstheit om faktorar som påvirkar fallrisiko og korleis ein kan førebyggja fall.

Implementere prosjektet «Hindre fall blant eldre på sjukehus» frå

Pasientsikkerhetskampanjen «I trygge hender». Tilpassa dette prosjektet til lokale forhold ved Voss Sjukehus, og i samarbeid med medisinsk avdeling starta implementering der.

Metodisk tilnærming / evaluering av effekt

Systematisk og grundig gjennomgang av eksisterande rutinar og praksis for fysioterapeutisk tilnærming til pasientar med fallrisiko.

Litteratursøk generelt på emnet, i tillegg til innsamling av referansar på bakgrunn av prosjektet «Hindre fall blant eldre på sjukehus». Me vil velgja ut det som er relevant for pasientar over 65 år som er innlagt ved Voss sjukehus, medisinsk avdeling.

Undervegs i arbeidet så langt, har me funne det naturleg å inkludera også pasientar under 65 år, dersom det ut frå diagnose er sannsynleg med fallfare.

Identifisere relevante måleverktøy knytta til risikofaktorar ved fall.

Hospitere ved Haukeland Universitetssjukehus og Haraldsplass, som er involvert i prosjektet «Hindre fall blant eldre i sjukehus». Få innblikk i erfaringar frå implementering frå desse sjukehusa og eventuelt andre, som har delteke i pilotstudiet.

Delta på kurs «Forebygging av fall» i regi av Pasientsikkerhetskampanjen «I trygge hender».

Mai 2014 delta på fagkurs i «Balansetrening og fallforebygging».

Eventuelt delta på kurs i geriatri.

Planlagt bruk av resultat i eiga eining

Få større fokus på fallfare i det daglege arbeidet på fysioterapiavdelinga. I større grad enn no ta i bruk objektive mål og testar.

Vera i stand til å jobba betre tverrfagleg omkring pasienten ang. dette temaet.

Resultatet skal vera at fysioterapiavdelinga i sterk grad bidreg til at fallførebyggjande arbeid skal bli ein meir naturleg del av det daglege fokus ved sjukehuset.

Overføringsverdi / overføring av kunnskap til andre einingar i regionen

I tråd med Samhandlingsreforma vil me orientere kommunane i Voss Sjukehus sitt nedslagsfelt om at Fysioterapiavdelinga har sett fokus på temaet.

Me vil kunne tilby veiledning per telefon og /eller undervisning/samarbeidsmøter med kommunane.

Auka kunnskap om fallfare hjå den enkelte pasient, vil verta formidla skriftleg ved utskriving.

Oppstarttidspunkt (planlagt) September 2013

Sluttidspunkt (planlagt) Desember 2014